



Randi Solemdal  
Skrenten 26  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/685 - 19/25564

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
27.08.2019

## Pålegg klypp av hekk og buskvekstad langs kommunal veg - Gbnr 108/176

Teknisk drift viser til vårt brev av 21.06.2019 der vi anmoder Dykk, som grunneigar, om å utføre klypp av hekk og anna vegetasjon som veks langs kommunal veg. Vegetasjonen på Dykkar grunn veks både i siktsone til avkjørsle og ut over kommunalt vegareal. I siktsoner skal hekk og anna vegetasjon ikkje være høgare 0,5 meter over kommunalt vegnivå (kjøreveg). Vegetasjon skal ikkje vekse ut over eigedomsgrense mot kommunal veg.

Teknisk drift gjer merksam på at det er den einskilde grunneigar som har ansvar for at hekk og anna vegetasjon ikkje veks utover eigedomsgrense og i siktsoner til avkjørsler. Vegetasjon som veks i siktsoner utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs vegen.

### Vedtak om pålegg:

Teknisk drift pålegg Dykk, som grunneigar, om å få utført klypp av hekk og anna vegetasjon slik at dette ikkje er til hinder for sikt i avkjørsle eller heng ut over kommunalt vegareal. Maks tillete høgde på vegetasjon i siktsoner er 0,5 meter over kommunalt vegnivå.

Teknisk drift sett no ei frist for utføring av klypp av vegetasjon.  
Frist for utføring av klypp er sett til: **Onsdag 11 september 2019.**

Dersom arbeid ikkje er utført innan gitte frist, vil kommunen få utført arbeid for Dykkar rekning. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr. Sluttresultat vert svært grovt. Resultatet vert betre dersom De som eigar utfører arbeidet sjølv. Dersom kommunen må utføre arbeid, vil kvist og anna avfall verte lagt inn på eigdommen.

*Det er med heimel i Veglova med tilhøyrande regelverk at vegmynde sett krav til vegetasjon i siktsoner til offentlege vegkryss og innanfor regulert byggegrense mot veg. Byggegrense har som føremål å ta vare på dei krav ein måtte ha til vegsystemet. Vegetasjon som tek sikt i vegkryss, avkjørsler og i svinger utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs offentleg veg. I tilfeller der vegetasjon utgjer ei fare, kan kommunen utføre arbeid utan ny varsling.*



Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vegdrift Lindås kommune

**Mottakarar:**

Randi Solemdal

Skrenten 26

5955

LINDÅS